

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	10.11.2025	110/25
Giske kommunestyre	27.11.2025	087/25
Livsløpsutvalet	06.11.2025	032/25
Teknisk utval	06.11.2025	059/25
Giske eldreråd	17.11.2025	019/25
Partsamansett utval	10.11.2025	004/25
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	20.11.2025	021/25
Giske ungdomsråd	18.11.2025	018/25

Handlings- og økonomiplan 2026 - 2029

Innstilling:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029 inkludert årsbudsjettet for 2026

- Driftsbudsjettet for 2026 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 674 870 622.
- Investeringsbudsjettet for 2026 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 253 668 500 .
- Kommune sine skatter for 2026 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2026 vert tatt opp rammelån på inntil kr 142 181 800 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2026 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 20 nye flyktningar i 2026

6. I Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2026 avset i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2026:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen
- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 3%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
- e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Giske kommunestyre 27.11.2025

Fellesforslag Ap, Frp og Krf, foreslått av Kåre Sæter, Arbeiderpartiet
Framlegg i endringar til budsjett 2026 – felleframlegg frå Ap, Frp og Krf

Driftsbudsjett:

1. Eigedomsskatt: Giske kommune innfører eit botnfrådrag i eigedomsskatten for private primærbustader, Frådraget for budsjettåret 2026 vert kr 200.000.

Mindreinntekt til kommunen vert for 2026 stipulert til 2,1 millioner kroner.

Finansiering: Driftsfond.

1. Auke ramme 9, Frivilligsentralen. Kr 200.000

Dette skal brukast til eigenandelar ved søknader om eksterne midlar og eigenandel vert sett som krav.

Finansiering: Driftsfond

1. Ramme 9. Auke. Kr 100.000 Kulturskulen. Beløp skal nyttast til vidareføring om tilbod om instrumentopplæring.

Finansiering: Driftsfond

1. Teknisk: Vedlikehald kommunale vegar – 1,6 millioner.

Finansiering: Driftsfond

1. Sentalt: Odninga med ei «kontantkasse» til bruk for å hjelpe lokale småtiltak i regi av frivillige grupper i Giske. Det vere seg tiltak rundt Omsorgsentera, ungdom eller andre grupper som treng eit bidrag i samband med tiltak som gir styrker lokalsamfunnet, Forslag på 500.00 kr. Beløpet administrerast av formannskap direkte.

Finansiering: Driftsfond

Dekning innan driftsbudsjett:

Det er alt klar at 1,6 millioner alt er tilført fondet etter at budsjettet vart sendt ut. Nettoeffekt 2,9 millioner.

Investering

1. Teknisk: Sikringsgjerde ved Valdervoll – 1,5 millioner. Prosjektet er prosjektert og skal ut på anbod i des/jan 25/26.
2. Prosjektering gangveg Bedehuset- Hjallismarka på Godøya kr 660.000

Netto auke i investeringsbudsjett kr 2.160.000

Verbalframlegg:

1. Vi viser til arbeid med å styrke lesing, skriving og rekning i dei første skuleåra. Her er auka satsing på meir fysiske skulebøker blitt eit sentralt tema. Vi ber om at kommunedirektøren tek denne satsinga vidare inn i skulen i Giske og gjer dei nødvendige prioriteringane for å styrke tilgangen til lærebøker både gjennom ibudsjettet for 2026 og framover.
2. Gangvegen fram til Giskebrua på Giske-sida og over brua er i dag ikkje tilfredstillande. Vi ber om at det vert sett i gang arbeid for å finne ut korleis dette snarleg kan betrast – både på kort og lang sikt.
3. Innen skule er gratisprinsippet i samband med leirskuleundervising vedteke for fleire år sidan. Vi ber om at Kommunedirektøren sørger for ei vurdering av korleis dette er praktisert i Giske og om nødvendig kjem med framlegg om tiltak.

Forslaget vart trekt og nytt forslag fremja.

Endringsforslag Giske Venstre, foreslått av Mona Vartdal Dimmen, Venstre

Utifra behov for å satse på barn og unge, og tidlig innsats, fremmer Giske Venstre et forslag om å bevilge 1 mill til ramme 6 til tiltak retta mot barn og unge i alderen rundt 10år til 16 år. Inndekning 1 mill som vart foreslått satt til dispensasjon fond av midler som ikkje vart realisert i år.

Forslaget vart trekt og bytta med nytt endringsforslag.

Endra fporslag, foreslått av Kåre Sæter, Arbeiderpartiet

Framlegg i endringar til budsjett 2026 – felleframlegg frå Ap, Frp og KrF

Driftsbudsjett:

1. Eigedomskatt: Giske kommune innfører eit botnfrådrag i eigedomsskatten for private primærbustader, Frådraget for budsjettåret 2026 vert kr 200.000 på beregningsgrunnlaget.

Finansiering: Driftsfond.

1. Auke ramme 9, Frivilligsentralen. Kr 200.000

Dette skal brukast til eigenandelar ved søknader om eksterne midlar og eigenandel vert sett som krav.

Finansiering: Driftsfond

1. Ramme 9. Auke. Kr 300.000 Kulturskulen. Dette inkluderer tilbod om instrumentopplæring.

Finansiering: Driftsfond

1. Teknisk: Vedlikehald kommunale vegar – 1,6 millioner.

Finansiering: Driftsfond

1. Sentralt: Ordninga med ei «kontantkasse» til bruk for å hjelpe lokale småtiltak i regi av frivillige grupper i Giske. Det vere seg tiltak rundt Omsorgsentera, ungdom eller andre grupper som treng eit bidrag i samband med tiltak som gir styrker lokalsamfunnet, Forslag på 200.00 kr. Beløpet administrerast av formannskap direkte.

Finansiering: Driftsfond

6) Styrke Musikkråd og Idrettsråd med tilsaman kr 100.000. 50.000/50.000

Investering

1. Teknisk: Sikringsgjerde ved Valdervoll – 1,5 millioner. Prosjektet er prosjektert og skal ut på anbod i des/jan 25/26.
2. Prosjektering gangveg Bedehuset- Hjallismarka på Godøya kr 660.000

Netto auke i investeringsbudsjett kr 2.160.000

Verbalframlegg:

1. Vi viser til arbeid med å styrke lesing, skriving og rekning i dei første skuleåra. Her er auka satsing på meir fysiske skulebøker blitt eit sentralt tema. Vi ber om at kommunedirektøren tek denne satsinga vidare inn i skulen i Giske og gjer dei nødvendige prioriteringane for å styrke tilgangen til lærebøker både gjennom budsjettet for 2026 og framover.
2. Giske kommunestyre ber om at administrasjonen utarbeider ei sak knytt til finansiering av prosjektering av gangveg Bedehuset-Hjallismarka på Godøya og sikring av gangveg fram til Giskebrua på begge sider av brua. Denne saka må komme i løpet av våren 2026.
3. Innen skule er gratisprinsippet i samband med leirskuleundervising vedteke for fleire år sidan. Vi ber om at Kommunedirektøren sørger for ei vurdering av korleis dette er praktisert i Giske og om nødvendig kjem med framlegg om tiltak.

Forslaget vart trekt og nytt forslag fremja.

Endringsforslag frå Giske Høgre, foreslått av Kenneth Langvatn, Høyre
Følgande leggst til i driftsbudsjettet for 2026, med inndecking frå auka rammetilskot og havbruksfond, totalt 1 600 000 kroner:

- 150 000 kroner til formannskapet sin løyvingspott. Ramme 1
- 200 000 kroner i kuttreduksjon SFO. Ramme 5
- 300 000 kroner til forsterka instrumentopplæring i kulturskulen. Ramme 9

- 200 000 kroner som eigenkapital for frivilligsentralen sin søknadspott. Ramme 9
- 100 000 kroner meir i ramme til musikkråd og idrettsråd. Ramme 9
- 350 000 kroner som inndekning for halvert gebyrauke innan byggesak. Ramme 9
- 300 000 kroner meir til vedlikehald av formålsbygg. Ramme 9

Følgande endringar i investeringsbudsjettet for 2026:

- Rassikring Valdervoll leggst inn med kroner 1 500 000
- Reguleringsplan gangveg Hjallismarka – Bedehuset leggst inn med kroner 660 000
- Renovering av frittliggande omsorgsbustader reduserast med kroner 2 160 000

Gebyr og betalingssatsar 2026

- Byggesaksgebyr aukast med 26 %, ikkje 52 % som administrativt foreslått.

Eigedomsskattesatsen skal ikkje aukast i 2027. Inndekning av mellomværet skjer med reduksjon i fordeling rammer.

Forslaget vart nedstemt med 13 mot 10 røyster. MDG, INP, TLG, SP og H røysta for forslaget.

Endeleg fellesforslag Ap, KrF, FrP, foreslått av Kåre Sæter, Arbeiderpartiet

Framlegg i endringar til budsjett 2026 – felleframlegg frå Ap, Frp og KrF

Driftsbudsjett:

Eigedomsskatt: Giske kommune innfører eit botnfrådrag i eigedomsskatten for private primærbustader, Frådraget for budsjettåret 2026 vert kr 200.000 på beregningsgrunnlaget. Inndekning disposisjonsfond.

Forslaget vart godkjend med 13 mot 10 røyster. MDG, INP, V, TLG og H røysta imot forslaget.

Auke ramme 9, Frivilligsentralen. Kr 200.000. Dette skal brukast til eigenandelar ved søknader om eksterne midlar og eigenandel vert sett som krav. Inndekning disposisjonsfond.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Ramme 9. Auke. Kr 300.000 Kulturskolen. Dette inkluderer tilbod om instrumentopplæring. Inndekning disposisjonsfond.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Teknisk: Vedlikehald kommunale vegar – 1,6 millioner. Inndekning disposisjonsfond.

Forslaget vart godkjend med 16 mot 7 røyster. 1 V, H, TLG røysta imot forslaget.

Sentralt: Ordninga med ei «kontantkasse» til bruk for å hjelpe lokale småtiltak i regi av frivillige grupper i Giske. Det vere seg tiltak rundt Omsorgsentera, ungdom eller andre grupper som treng eit bidrag i samband med tiltak som gir styrke lokalsamfunnet, Forslag på 200.000 kr. Beløpet administrerast av formannskap direkte. Inndekning disposisjonsfond.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Styrke lokale kulturmidlar til idrett og musikk med tilsaman kr 100.000. 50.000/50.000.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Investering

1. Teknisk: Sikringsgjerde ved Valdervoll – 1,5 millioner. Prosjektet er prosjektert og skal ut på anbod i des/jan 25/26.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Verbalframlegg:

1. Vi viser til arbeid med å styrke lesing, skriving og rekning i dei første skuleåra. Her er auka satsing på meir fysiske skulebøker blitt eit sentralt tema. Vi ber om at kommunedirektøren tek denne satsinga vidare inn i skulen i Giske og gjer dei nødvendige prioriteringane for å styrke tilgangen til lærebøker både gjennom budsjettet for 2026 og framover.
2. Giske kommunestyre ber om at administrasjonen utarbeider ei sak knytt til finansiering av prosjektering av gangveg Bedehuset-Hjallismarka på Godøya og sikring av gangveg fram til Giskebrua på begge sider av brua. Denne saka må komme i løpet av våren 2026.
3. Innen skule er gratisprinsippet i samband med leirskuleundervising vedteke for fleire år sidan. Vi ber om at Kommunedirektøren sørger for ei vurdering av korleis dette er praktisert i Giske og om nødvendig kjem med framlegg om tiltak.

Verbalforslaga vart samrøystes godkjend.

Auke byggesaksgebyr, foreslått av Kenneth Langvatn, Høyre
Byggesaksgebyr aukast med 26 %, ikkje 52 % som administrativt foreslått. 350 000 kroner som inndekning for halvert gebyrauke innan byggesak. Ramme 9.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Handlings og økonomiplan 2026-2029 Endringsforslag, foreslått av Marit Vik, Venstre
Giske kommunestyre løyver 2 mill til Giske kulturskule.

Inndekning frå disposisjonsfondet.

Forslaget vart ikkje godkjend, 21 mot 2 røyster (V).

Endring i forslag fra Giske Venstre, foreslått av Mona Vartdal Dimmen, Venstre
Utifra behov for å satse på barn og unge og tidlig innsats fremmer Giske venstre et forslag om å bevilge kr. 500.000,- til ramme 6 til tiltak retta mot barn og unge i alderen rundt 10år til 16 år. Inndekning: disposisjonsfond.

Forslaget vart godkjend med 18 mot 5 røyster (FrP og 1KrF).

Handlings og økonomiplan 2026-2029 Endringsforslag, foreslått av Marit Vik, Venstre
Giske kommunestyre vedtek søskenmoderasjon med 25% av gebyret frå og med barn nummer to i Giske kulturskule.

Inndekning i disposisjonsfondet.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Endringsforslag frå Giske SP og MDG, foreslått av Monika Vartdal Giske, Senterpartiet
Flytte Oppgradering kjøkken Godøy bukollektiv frå 2027 til 2026. Dette fordi behovet er stort
for oppgradering i eit elles velfungerande anlegg.

Forslaget vart godkjend med 22 mot 1 røyst (V).

Havbruksfond, foreslått av Harry Valderhaug, Kristeleg Folkeparti
Auke i Havbruksfond som ikkje er budsjettert, 2026 og 2028 kr. 578 000, 2027 og 2029 kr. 1
034 000.

Forslaget vart samrøystes godkjend.

Tilrådinga frå formannskapet med dei godkjende endringsforslaga vart samrøystes godkjend.
Endringane i rammene er innarbeidde i endeleg vedtak.

K - 087/25 Vedtak:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029 inkludert årsbudsjettet
for 2026

- Driftsbudsjettet for 2026 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på
kr 678 280 622
- Investeringsbudsjettet for 2026 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr
255 856 500
- Kommune sine skatter for 2026 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2026 vert tatt opp rammelån på inntil kr 143 931
800 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre
vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2026 skal innbetalast med berekna
minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i
investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla
investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 20 nye flyktningar i 2026

6. Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2026 avset
i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande
utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2026:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen

- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 3%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Det vert gitt eit bunnfrådrag på kr 200 000 per bueining for bustader og fritidseigedomar.
- e. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
- f. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Verbal og oversendingsvedtak:

1. Vi viser til arbeid med å styrke lesing, skriving og rekning i dei første skuleåra. Her er auka satsing på meir fysiske skulebøker blitt eit sentralt tema. Vi ber om at kommunedirektøren tek denne satsinga vidare inn i skulen i Giske og gjer dei nødvendige prioriteringane for å styrke tilgangen til lærebøker både gjennom budsjettet for 2026 og framover.
2. Giske kommunestyre ber om at kommunedirektøren utarbeider ei sak knytt til finansiering av prosjektering av gangveg Bedehuset-Hjallismarka på Godøya og sikring av gangveg fram til Giskebrua på begge sider av brua. Denne saka må komme i løpet av våren 2026.
3. Innen skule er gratisprinsippet i samband med leirskuleundervising vedteke for fleire år sidan. Vi ber om at Kommunedirektøren sørger for ei vurdering av korleis dette er praktisert i Giske og om nødvendig kjem med framlegg om tiltak.

Råd for menneske med funksjonsnedsetting 20.11.2025

Innstillinga vart samrøystes godkjent.

RMF - 021/25 Vedtak:

Tilråding:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029 inkludert årsbudsjettet for 2026
 - Driftsbudsjettet for 2026 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 674 870 622.
 - Investeringsbudsjettet for 2026 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 253 668 500 .
 - Kommune sine skatter for 2026 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.
2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2026 vert tatt opp rammelån på inntil kr 142 181 800 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2026 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.
3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 20 nye flyktningar i 2026

6. I Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2026 avset i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2026:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen
- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 3%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
- e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Giske ungdomsråd 18.11.2025

Ungdomsrådet meiner det er viktig å oppretthalde tilbodet med helsesjukepleiar til stades 4 dagar per veke på ungdomskulen.

Ungdomsrådet stiller seg bak Utdanningsforbundet sitt innspel, særskilt om prioritering av rådgjevar/karriererettleiar i ungdomskulen.

Sjølv små styrkingar i kulturtilbodet kan gjere store skilnadar. Ungdomsrådet ønsker derfor at kulturbudsjettet vert styrka og at ein særskilt ser på tiltak for å få ned ventelister i kulturskulen.

Rådet vel Lisa Marie Roald som saksordførar i kommunestyret.

GUR - 018/25 Vedtak:

Tilråding:

Ungdomsrådet meiner det er viktig å oppretthalde tilbodet med helsesjukepleiar til stades 4 dagar per veke på ungdomskulen.

Ungdomsrådet stiller seg bak Utdanningsforbundet sitt innspel, særskilt om prioritering av rådgjevar/karriererettleiar i ungdomskulen.

Sjølv små styrkingar i kulturtilbodet kan gjere store skilnadar. Ungdomsrådet ønsker derfor at kulturbudsjettet vert styrka og at ein særskilt ser på tiltak for å få ned ventelister i kulturskulen.

Giske eldreråd 17.11.2025

Tillegg til innstillinga: Eldrerådet ønsker å støtte forslaget til Livsløpsutvalet

- Auke ramme 9, frivillegsentralen, med kr 200 000. Eigenandel som grunnlag for å kunne søke midlar. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Vidareføre instrumentopplæring kr 100 000 for økonomiplanperioden, ramme 9. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Frå 2027 bør det ligge inne inndekning for gratisprinsippet når det gjeld leirskule, i form av auke i ramme 5. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Livsløpsutvalet ber formannskapet sjå på om ein kan redusere kutt i SFO til 400 000,-. Inndekning frå disposisjonsfond.

Innstillinga med tillegg vart samrøystes godkjent.

Eldrerådet tek innstillinga i høve Handlings- og økonomiplan 2026-2029 til vitande

ELD - 019/25 Vedtak:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029 inkludert årsbudsjettet for 2026

- Driftsbudsjettet for 2026 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 674 870 622.
- Investeringsbudsjettet for 2026 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 253 668 500 .
- Kommune sine skatter for 2026 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2026 vert tatt opp rammelån på inntil kr 142 181 800 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2026 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 20 nye flyktningar i 2026

6. I Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2026 avset i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2026:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen
- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 3%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.

- e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Tillegg frå eldrerådet:

- Auke ramme 9, frivillegsentralen, med kr 200 000. Eigenandel som grunnlag for å kunne søke midlar. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Vidareføre instrumentopplæring kr 100 000 for økonomiplanperioden, ramme 9. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Frå 2027 bør det ligge inne inndekning for gratisprinsippet når det gjeld leirskule, i form av auke i ramme 5. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Livsløpsutvalet ber formannskapet sjå på om ein kan redusere kutt i SFO til 400 000,-. Inndekning frå disposisjonsfond.

Giske formannskap 10.11.2025

Merknad om administrative korrigeringar i gebyrregulativet, jf. vedlegg *Reviderte gebyrsatsar 10.11.25*.

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

F - 110/25 Vedtak:

Tilråding:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029 inkludert årsbudsjettet for 2026

- Driftsbudsjettet for 2026 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 674 870 622.
- Investeringsbudsjettet for 2026 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 253 668 500 .
- Kommune sine skatter for 2026 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2026 vert tatt opp rammelån på inntil kr 142 181 800 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2026 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 20 nye flyktningar i 2026

6. Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2026 avset i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2026:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen
- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 3%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
- e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Partsamansett utval 10.11.2025

Tilbakemelding frå hovudtillitsvalde: Kommunen må arbeide vidare med medverknadsprosessane til budsjett, og kommunikasjon av budsjettarbeidet mellom leiarar og tillitsvalde.

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

PA - 004/25 Vedtak:

Tilråding:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029 inkludert årsbudsjettet for 2026

- Driftsbudsjettet for 2026 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 674 870 622.
- Investeringsbudsjettet for 2026 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 253 668 500 .
- Kommune sine skatter for 2026 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2026 vert tatt opp rammelån på inntil kr 142 181 800 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2026 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 20 nye flyktningar i 2026

6. I Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2026 avset i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingalternativ nyttast for skatteåret 2026:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen

- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 3%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
- e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Livsløpsutvalet 06.11.2025

Roger Solem (FrP) stilte spørsmål om controllerstillinga, kvifor den framleis er vakant?

Livsløpsutvalet fremjer følgjande endringsforslag:

- Auke ramme 9, frivillegsentralen, med kr 200 000. Eigenandel som grunnlag for å kunne søke midlar. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Vidareføre instrumentopplæring kr 100 000 for økonomiplanperioden, ramme 9. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Frå 2027 bør det ligge inne inndekning for gratisprinsippet når det gjeld leirskule, i form av auke i ramme 5. Inndekning frå disposisjonsfond.

Forslag frå Kjersti Valderhaug Bakke (H) om å be formannskapet sjå på om ein kan redusere kutt i SFO til 400 000,-. Inndekning frå disposisjonsfond.

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

Alle endringsforslaga vart samrøystes godkjend.

LU - 032/25 Vedtak:

Tilråding:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029 inkludert årsbudsjettet for 2026

- Driftsbudsjettet for 2026 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 674 870 622.
- Investeringsbudsjettet for 2026 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 253 668 500 .
- Kommune sine skatter for 2026 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2026 vert tatt opp rammelån på inntil kr 142 181 800 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2026 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr
4. Giske kommunestyre gir Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.
5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 20 nye flyktningar i 2026
6. I Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2026 avset i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.
7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2026:
 - a. Faste eigedomar i heile kommunen
 - b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
 - c. Eigedomsskattesatsen er 3%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
 - d. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
 - e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Endring i valde tiltak:

- Auke ramme 9, frivillegsentralen, med kr 200 000. Eigenandel som grunnlag for å kunne søke midlar. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Vidareføre instrumentopplæring kr 100 000 for økonomiplanperioden, ramme 9. Inndekning frå disposisjonsfond.
- Frå 2027 bør det ligge inne inndekning for gratisprinsippet når det gjeld leirskule, i form av auke i ramme 5. Inndekning frå disposisjonsfond.

Livsløpsutvalet ber formannskapet sjå på om ein kan redusere kutt i SFO til 400 000,-. Inndekning frå disposisjonsfond.

Teknisk utval 06.11.2025

Endring valgte tiltak, foreslått av Elin Støbakk, Kristeleg Folkeparti
Teknisk utval foreslår å legge det "ikkje valgte tiltaket" "Regulering forlengelse gangveg frå Bedehuset til Hjallismarka inn i budsjettet for 2026. Kostnadsramme 660 000.

Inndekning innan ramme 9 ved å redusere posten investeringstiltak "Enök tiltak Rådhuset" tilsvarende."

Ramme 9 Samfunn Oppsetting av steinsprang gjerde Valdervoll stadion., foreslått av Louise Kristin Haahjem, Høyre
Forslag til nytt tiltak for gjerde på Valdervoll med kostnadsramme på 1 500 mill legges til budsjettet for 2026. Motpost disposisjonsfondet.

Vedlikehold veg, foreslått av Geir Arne Dyb, Fremskrittspartiet
Det vert sett av kr 1,6 mill til vedlikehold av kommunale veger. Inndekning frå disposisjonsfondet.

Endringsforslag frå Elin Støbakk (KrF): *"Teknisk utval foreslår å legge det "ikkje valgte tiltaket" "Regulering forlengelse gangveg frå Bedehuset til Hjallismarka inn i budsjettet for 2026. Kostnadsramme 660 000.*

Inndekning innan ramme 9 ved å redusere posten investeringstiltak "Enök tiltak Rådhuset" tilsvarende."

Endringsforslag frå Louise Haahjem (H):

"Forslag til nytt tiltak for gjerde på Valdervoll med kostnadsramme på 1 500 mill legges til budsjettet for 2026. Motpost disposisjonsfondet."

Endringsforslag frå Geir Arne Dyb (FrP):

"Det vert sett av kr 1,6 mill til vedlikehold av kommunale veger. Inndekning frå disposisjonsfondet."

Innstilling vart samrøystes godkjend.

Endringsforslag frå Støbakk: Samrøystes

Endringsforslag frå Haahjem: Samrøystes

Endringsforslag frå Dyb: Samrøystes

TU - 059/25 Vedtak:

Innstilling:

1. Giske kommunestyre godkjenner økonomiplanen for 2026 – 2029 inkludert årsbudsjettet for 2026

- Driftsbudsjettet for 2026 vert godkjent med ei samla netto ramme til fordeling drift på kr 674 870 622.
- Investeringsbudsjettet for 2026 vert godkjent med sum investeringutgifter på kr 253 668 500 .
- Kommune sine skatter for 2026 skal skrivast ut etter dei høgast lovlege satsar.

2. Giske kommunestyre godkjenner at det i 2026 vert tatt opp rammelån på inntil kr 142 181 800 til investeringar og inntil kr 20 000 000 i Husbanken til vidare utlån. Giske kommunestyre

vedtek at avdrag på kommunen si lånegjeld i 2026 skal innbetalast med berekna minimumsavdrag jfr. Kommunelova § 14-18.

3. Giske kommunestyre godkjenner trekkrett med ei ramme på intill 75 mill.kr

4. Giske kommunestyre gir Giske formannskap fullmakt til å gjere endringar i investeringsbudsjettet mellom prosjekt og rammeområde innanfor den samla investeringsramma som er vedteke ovanfor.

5. Giske kommunestyre godkjenner å ta imot 20 nye flyktningar i 2026

6. I Giske kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å fordele lønsauke for 2026 avset i ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter til dei øvrige rammeområda.

7. Eigedomsskatt: I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2026:

- a. Faste eigedomar i heile kommunen
- b. Verk og bruk: Det vert skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuandedel i 2023 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt. frå 2019 - 2025).
- c. Eigedomsskattesatsen er 3%. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar
- d. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt skal kommunen nytte skattevedtekter for Giske kommune som blir utarbeidd av den valde skattetakstnemnda.
- e. Prinsipp og retningslinjer for taksering og framlegg til typar bygningar som skal fritakast av eigedomsskatt i Giske kommune går fram av reglar som er utarbeidd av den valde sakkunnige nemnda

Endring i valde tiltak:

a. Teknisk utval foreslår å legge det “ikkje valgte tiltaket” “Regulering forlengelse gangveg frå Bedehuset til Hjallismarka inn i budsjettet for 2026. Kostnadsramme 660 000.

Inndekning innan ramme 9 ved å redusere posten investeringstiltak “Enøk tiltak Rådhuset” tilsvarende.

b. Forslag til nytt tiltak for gjerde på Valdervoll med kostnadsramme på 1 500 mill legges til budsjettet for 2026. Motpost disposisjonsfondet.

c. Det vert sett av kr 1,6 mill til vedlikehald av kommunale veger. Inndekning frå disposisjonsfondet.

Vedlegg

Ønska tiltak 2026 prioritering teknisk Samfunn

Innleiing:

Handlings- og Økonomiplan 2026 – 2029 med årsbudsjett for 2026 ligg føre i digitalt dokument som ein finn ved å følgje denne lenka:

https://pub.framsikt.net/2026/giske/bm-2026-handlings_og_okonomiplan_2026_-_2029

Saksutgreiing:

Kommunen har bruk nytt verktøy “Framsikt”, for heilskapeleg verksemdsstyring, og har gjennom dette starta ein prosess for å skape ein tett samanheng mellom kommuneplanen sin samfunnsdel, handlings- og økonomiplan og til årsrapporten. Dette er ein prosess som vil gå over tid og vere i utvikling dei komande åra.

Budsjettet for 2025 er brukt som grunnlag for rammene. I budsjettet er kva det i 2026 og framover vil koste å drive kommunen sitt tenestetilbod ut frå den standard og det volum som er etablert, herunder full årseffekt av endringar/sparetiltak som er sette i gong i løpet av 2025. Grunnlaget for rammene er korrigert slik:

- Alle einingar har fått oppdatert sine rammer med løns- og prisvekst. Inkludert heilårseffekt av lønsvekst 2025.
- Det skal takast omsyn til prosjekt/tiltak i 2025 som er under avvikling for å få drifta i balanse
- Kommunestyrevedtak og kjende endringar som påverkar drifta blir innarbeidde
- Endringar i tenestetilbod og oppgåvedeling som følge av statsbudsjettet for det komande året

Einingsleiarane har ansvar for å samle inn grunnleggjande data og sikre at utfordringar i drifta er kjende og drøfta med tillitsvalde. Å få eit budsjett i balanse har også i år vore svært krevjande. Konsekvensane av dette kjem fram av kommentarane til det enkelte rammeområdet.

Kommunedirektøren har ansvar for å drøfte den endelege planen med hovudtillitsvalde og saman med ordføraren sørge for at planen vert drøfta i partssamansett utval før kommunestyret får den til endeleg behandling.

Gebyr og betalingssatsar for 2026 er ein del av handlings- og økonomiplanen og kjem fram som eige punkt “gebyrliste” i dokumentet. Satsane er brukt som grunnlag ved utarbeiding av handlings- og økonomiplanen.

Heimelsgrunnlaget:

Kommunelova kapittel 14 omhandlar økonomiplan og årsbudsjett. Lova stiller krav til at både årsbudsjett og økonomiplan skal vere i balanse, for kvart år i perioden. Viktige punkt er tatt inn i plandokumentet, og vert ikkje referert her

Vurdering:

Kommunen har store økonomiske utfordringar då driftskostnadene har vore for høge i fleire år. For å balansere budsjettet er kommunen avhengig av ekstra inntekter som eigedomsskatt og avkastning frå kraftfondet, og har lite reserver å bruke. Det er altså ein ubalanse mellom inntektene og ønskja nivå på tenestene.

Kommuna står framom store investeringar, og sjølv om det er lagt inn forventa inntekter frå sal av grunn vil gjelda auke betraktleg i planperioden. Dette medfører auka renter og avdrag

som må dekkast av eit allereie stramt budsjett. Dette betyr at kommunen må fortsette å omstille drifta. Forslag til tiltak for å balansere budsjettet viser at det vil bli nødvendig med både omlegging og reduksjon i tenestene. Framskrivinga av folketal viser endringar i demografien:

- **Færre barn** gir innsparing i barnehage og skule.
- **Fleire eldre** gir auka kostnader til helse- og omsorgstenester.

Etterspurnaden etter kommunale tenester vil auke i framtida, og samstundes som vi får fleire eldre, får vi færre yrkesaktive. Dette betyr at sjølv om kommunen får meir inntekter vil det ikkje vere nok yrkesaktive til å tilby same tenester som i dag. Giske kommune må utvikle eit tenestetilbod som møter innbyggjarane sine behov i dag, og samstundes er tilpassa den komande auken i omsorgsbehov - utan auka kostnader.

Dette understrekar behovet for **langsiktig planlegging** og **omstilling** i tenestetilbodet.

I planperioden er det lagt opp til at drifta skal tilpassast dei økonomiske rammene. Utvikling av tenester gjennom digitale og teknologiske løysingar vil framleis vere viktige for å gi kommunen større økonomisk handlingsrom. Strukturendringar og organisasjonsutvikling vil også vere nødvendige.

For fleire detaljer syner ein til det elektroniske budsjettdokumentet.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomiplanen for perioden 2026 – 2029 er gjort opp i balanse, men blir svært krevjande. Inntekter frå sal av grunn vil bidra til å dempe gjeldsveksten, men ikkje nok til å redusere gjelda til anbefalt nivå. Kommunen når verken KS sitt anbefalte gjeldsnivå på 85% av brutto driftsinntekter eller kommunen sin eigen økonomiske handlingsreglar på 100%. Utan reduksjon eller utsetting av investeringar vil netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter auke til 145,1% ved utgangen av 2029.

I perioden 2026 - 2028 er det planlagt ei mindre auke av disposisjonsfondet, men ikkje nok til å dekke bruken som er venta i 2029. Dette betyr at fondet vil bli redusert i i planperioden. Kommunen sitt måltal er at disposisjonsfondet skal utgjere 5-10 % av brutto driftsinntekter. Det er ei stor utfordring at det ikkje er rom for å starte oppbygging av eit reelt disposisjonsfond, og at ein ikkje klarer å nå målet til kommunen og anbefalingane frå Teknisk beregningsutvalg, om at netto driftsresultat skal vere 1,75 % av brutto inntekter per år.

Tilknyting til kommuneplan:

FN sine berekraftsmål:

SYMBOL	TITTEL	DENNE SAKA SI TILKNYTING
	ARBEID OG ØKONOMISK VEKST	x

	BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN	x
	ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON	x
	SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA	x

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Kommunedirektøren legg saka fram utan ytterlegare kommentarer og tilrår at budsjett for 2026 og handlings og økonomiplanen for åra 2026 - 2029 vert godkjent slik det kjem fram av instillinga.

Nye opplysningar lagt til saka 17.11.2025:

2 vedlegg "Budsjettramme kontrollarbeidet 2026" frå Sunnmøre kontrollutvalssekretariat er lagt til.

Nye opplysningar lagt til saka 26.11.2025:

Vedlegg "Ønska tiltak 2026 prioritering teknisk Samfunn" etter førespurnad frå utvalsmøta.

28.11.2025 Oppdatert lenke til Framsikt etter endeleg vedtak:

https://pub.framsikt.net/2026/giske/bm-2026-hop_2026_2029_kommunestyrets_vedtak